



Vestervik ligg klar på Børnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei siste dagane har det vore stopp i brislingfisket i Hardangerfjorden, men det opnar att frå måndag. Det opplyser vår lokale fiskar Jostein Legland til uskedalen.no.

Han har båten sin, Vestervik, liggande ved Børneskaaien og ventar på opptak laurdag av brisling som han har ståande i lås ved Ølve.

Måndag skal han igang med å fiska i nærområdet.

Grunnen til fiskestoppen tidlegare i denne veka var at dei skulle få opp det som var låssett før dei fiska meir. Opptaket har gått for fullt gjennom heile veka, opplyser Odd Arnesen i Noregs Sildesalslag til Kvinnheringen

Til no er det fiska rundt rekna 1.000 tonn brisling i Hardangerfjorden, og dette er den einaste fjorden ilandet som førebels er opna for brislingfiske.

Det meste er fanga i fjorden utanfor Kvinnherad. Lenger inne har prøvefisket vist at brislingen så langt er for liten.

Sperregrensa går i rett line mellom Ljones lykt og Gangdalsneset og mellom Maurangsnes og Ænes.

Av Ola Matti Mathisen